



Referat frå styremøte - Seljord Idrettslag 03.10.2016

Til stades: Tellef Solås, Adle Helen Tveiten Øya, Randi Øygarden (ref). Fotballgruppa v. Anne Brennemo, håndballgruppa v. Kariann Manheim og Solfrid Bjørge, skigruppa v. Terje Øverland, ski og anlegg v. Geir Særsland, sykkelgruppa v. Henk Stel, friidrettsgruppa og ridegruppa v/ Gunn Helga Vindfjell.

Fråfall: Hans Inge Hagen og A-laget.

Sak 54/16 Gjennomgang av referat frå styremøte 05.09.2016 og telefonmøte 21.09.2016

Referat gjennomgått og godkjent

Hovedstyret, bestående av Tellef Solås, Hans Inge Hagen, Adle Helen Tveiten Øya og Randi Øygarden hadde eit telefonmøte 21.09.2016. Der blei det vedtatt at SIL kjøper ein Polaris Ranger XP 900 EPS til kr 200 000,- frå Bondal Motor A/S. Denne skal brukast til vedlikehald av kunstgrasbanen.

Sak 55/16 Søknad om støtte til utgifter i forbindelse med finale i Norgesserien for lag.

Vedtek å støtte ridegruppa med kr 10 000,-, under føresetnad at dei profilerar SIL under konkurransar. Dvs at dei har SIL sine sponsorar og logoen på treningstøyet sitt. Det er også eit krav at dei stiller opp for SIL som dugnadshjelp under Dyrsku'n.

Sak 56/16 Beising av idrettshall

Granvin har kome med eit kostnadsoverslag, styret vedtek å støtte med 1/3 av totalsummen, dvs kr 18400,- eks mva.

Sak 57/16 Evaluering av årets Dyrsku for Seljord IL

Kjempebra resultat etter årets matsal på Dyrsku'n. Diskutera litt rundt dette med mannskapslistar og problema rundt dette. Ønsker å få ein dialog med Kvitsund ang mogelegheiten for at dei evt kan legge inn Dyrskufredagen som ein fridag i skuleruta si. Er også avhengig av å få ein lærar/ansatt til å vere kontaktperson i forbindelse med dette, for å sikre at eit visst antall elevar stiller.

Sak 58/16 Handlingsplan for Idrett og friluftsliv i Seljord kommune, nye innspel

Nye prosjekt 2017 Raudkleiv:

- Heistraseen: treng meir masse for at den skal vere godkjent etter retningslinjene frå taubanesystemet. Her trengs det eit kostnadsoverslag – Geir Særsland skaffar dette.
- Beitepussar: til vedlikehald av skileikanlegget sommartid (må da låne Rangeren som er på Eventyrøy til denne)
- Snøskuter: Den me har er gammal og dårleg. Den trengs til frakt av utstyr under vinteraktivitetar på Raudkleiv og til bruk i slalombakken (førstehjelp og liknande). Det kom eit forslag om å evt kjøpe ein ATV i staden, sidan denne både kan brukast om sommaren og med belter om vinteren. – Skigruppa må skaffe ein kostnadsoversikt over dei forskjellige forslaga før ein kan vurdere dette og evt legge det inn i prosjektet.
- Heishus/Varmebu – Kjem tilbake til dette, ein skal kontakte dei som kjørte heisen i fjor og høre erfaringane deires, mtp kva det er behov for.



Nye prosjekt 2017, Eventyrøy:

- Asfaltere veg mellom garasje-friidrettsbane: Må utførast, sidan ein, per i dag, må bære vedlikehaldsmaskina til kunstgrasbanen frå garasjen til banen. (Den kan ikkje trillast på grus) Dette går inn i kunstgrasbaneprosjektet.
- Tribune/innbyttarbenkar: Dette må ein ta etter kvart, blir ikkje ein del av dette prosjektet.

Sak 59/16 Retningslinjer for trafikksikker klubb skal vedtakas av Seljord IL

Retningslinjene blei opplest og vedtatt.

Sak 60/16 Tilbod frå Visma/NIF om å ta i bruk Visma eAccounting som ein integrert del av KlubbAdmin

Dette programmet har nå blitt tilpassa KlubbAdmin og skal nå være eit betre verktøy for idrettslag. Styret er enige om at ein vil prøve dette ein periode for å vurdere om det er aktuelt å gå inn i ei avtale.

Sak 61/16 Status årshjul

Nr 25: Søkna om spelemidlar til utstyr: ridegruppa og friidrettsgruppa skal søke.

Sak 62/16 Rapport frå undergruppene med gjennomgang av handlingsplan, økonomistatus.

Hovudstyret:

Fotballhall Dyrsakuplassen – skal inn på handlingsplanen til Seljord kommune, det er sendt mail om dette.

Barneidrettskule: Bra oppmøte på dei to minste gruppene med ca 50 ungar totalt (friidrett og håndball). Når det gjeld den største gruppa var det kun 1 som møtte første gongen (ridning). Mogeleg at dette er fordi at ridetimen har blitt satt til tysdagar og at ikkje alle har fått dette med seg, det kolliderar også med handballtrening for denne aldersgruppa. Tellef kontaktar Hans Inge for å få opp informasjon rundt desse tidene bl.a. på skulen og ved å sende ut sms/mail til målgruppa.

Til neste år er det viktig at ein er ute med informasjon i god tid før oppstart, skal då henge opp lappar med oversikt over treningstidene for alle gruppene på skulen.

Ungdomsidrettsskule: Ca 10 stk møtte den første fredagen. Her forventar ein at det kjem fleire etter kvart.

SIL sine heimesider: Hans Inge har laga ny heimeside. Han har sendt mail til alle undergruppene ang oppdatering av desse sidene. Viktig å oppdatere ang kommande arrangement og liknande.

Fotballgruppa:

Arve Myrvang har overtatt for Øyvind Oland i prosjekt Vest-Telemark.

Det er ein gjeng ungar som reiser til Liverpool på fotballskule i Oktober. Det kom ei tilbakemelding frå nokre foreldre at dei syns det er litt mykje med 3 dagars fråver frå skulen i forbindelse med dette. Sidan dette er eit tilbod til ungane frå prosjekt VTM, er opplegget satt og antagelegvis vanskeleg å gå gjort noko med. Men Anne Brennemo noterar det.

G14 som spelar i 1 div. har 2 kampar att, står i fare for nedrykk, så dei set inn alle ressursar på å vinne dei siste kampene, for å behalde plassen sin.

Økonomistatus: ok, skal purre på treningsgebyr.

Det blir etterlyst keepertrening, det har vore lite av dette. Det blir understreka at det er viktig at informasjonen om evt keepersamlingar/skular blir sendt ut til dei aktuelle foreldra, så dei har



ein reell mogelegheit til å melde ungane på desse tilboda. Evt at det blir lagt ut på heimesidene/FB gruppene til SIL fotball så dei kan finne det der.

Håndballgruppa:

Har vore på treningsleir i Danmark, dette er veldig positivt mtp rekruttering, blir ei «gulrot» for dei litt yngre.

Antal spelarar har auka i år, fortsatt litt lite gutar, men ein jobbar med dette.

Dei ønsker nye folk inn i styret, dvs foreldra til dei yngre ungane som er med.

Økonomistatus: treng å få inn meir pengar. I den forbindelse skal dei ha basar på jolemarknaden på Telesenteret.

Ski:

Terje Øverland har vore i kontakt med 2 elevar ved HiT, Bø. Dei skal forsøke å skaffe elevar med langrenns erfaring, til å stille som hjelpetreinarar på skitreninga.

Elles så har dei avtale med Jens Arne Svartedal, han kjem å tek ei treningsøkt saman med dei ila sesongen.

Skitreninga startar opp 18.10.16, reknar med at ein får engasjert fleire foreldre då.

Elles må ein få ei stand ei avtale med grunneigar Olav Kvalem ang garasje for tråkkemaskina.

Terje tek kontakt med Jon Aarbakk og ber han snakke med O.Kvalem om dette.

Skigruppa skal bytte skidress, nå i fargane til SIL.

Økonomistatus: ligg godt an.

Ridegruppa:

Melder at dei har hatt litt problem med å få til arrangement, vil jobbe meir med dette framover. Forsøke å få til eit stevne.

Elles skal dei på ein sosial/treningstur m/overnatting til ridesenteret i Rauland før året er omme.

Økonomistatus: ok.

Friidrettsgruppa:

Barneidrettsskolen – bra

Skal starte med planlegging av Raudkleiv Upp – 2017, etter haustferien.

Sak 63/16 Ymse

Plan for styremøter ut året: man 07.11 og man 05.12.

Det blir også eit møte 19.12. saman med undergruppene for å utarbeide handlingsplan for 2017.